

HAFSLUND ECO VANNKRAFT AS
Postboks 990 Skøyen
0247 OSLO

Vår dato: 14.02.2023

Vår ref.: 201600495-77 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 5140207

Randi Holme, 99 21 51 22/
rho@nve.no

Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av Dam Reppvatn - Aurland kraftanlegg i Aurland kommune

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Reppvatn ved Aurland kraftverk.

Vedtak

NVE godkjenner revidert detaljplan for miljø og landskap datert 19.01.2023 for rehabilitering av dam Reppvatn ved Aurland kraftverk i Aurland kommune.

Vilkår for godkjenninga

- De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet.
- Arbeida skal gjennomførast i samsvar med vilkåra i konsesjon datert 26.09.1969 post 16 og 22.
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at arbeida er avslutta. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal](#).

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjon datert 26.09.1969. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 26.09.1969 post 16.

Tilsyn

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Det er konsesjonæren sitt heile og fulle ansvar å sikre at krava som følgjer av



forskrifta vert stetta. Vi føreset at det vert etablert eit internkontrollsystem i samsvar med forskrifta, og at det vert implementert og etterlevd slik det er opplyst i detaljplanen.

Vår handsaming av søknaden

Hafslund Eco Vannkraft AS (HE) er i gang med eit omfattande arbeid med rehabilitering av damanlegg som høyrer til Aurlandsanlegga. Det er utarbeidd ein overordna landskaps- og miljøplan (OLMP) for å gje myndigheiter og partar god oversikt over planlagde tiltak. OLMP vart godkjend av NVE i vedtak datert 05.08.2016. Detaljplanen for arbeida ved Reppvatn byggjer vidare på OLMP ved å vere meir detaljert i gjennomføring av prosjektet.

Prosjektet er redusert i omfang i høve til skildringa i OLMP. Der var det opplyst at det truleg måtte byggjast støttefylling på nedstraums side for å stabilisere dammen. Difor var det teke høgde for eit mindre uttak av stein til støttefyllinga like nedstraums dammen. Dette er endra og prosjektet er dermed redusert i omfang i høve til skildringa i OLMP.

Detaljplanen

Reppvatn er inntaksmagasin til Reppa kraftverk (Aurland V) som inngår i Aurlandsanlegga. Dammen vart bygd i 1981 som ein massiv betongdam med fast overløp.

Arbeid omfattar

- Etablering av nye piezometer under dammen
- Reparasjon av lekkasjar og betongskadar, hovudsakleg på vassida
- Utskifting av fugemassar i støypeskøyter
- Etablering av permanent vasstandsmålar
- Påbygging av damkrune og reetablering av topp overløpsterskel
- Sikring for tredje person
- Etablering av nytt teknisk bygg og lekkasjemåling nedstraums dammen
- Etablering av grøfter for kabelføringsanlegg

Der går veg heilt fram til damanlegget. For tilkomst med maskiner på oppstraums side av dammen vert det nytta kranbil eller helikopter. Det vert etablert to riggområder, eitt like nedstraums dammen og eitt på eksisterande massedeponi ved Njukebotn.

Detaljplanen skildrar tiltak for å ta vare på toppmassar og istandsetting av areal som vert teke i bruk. All masse som er ureina vert køyrd til godkjent deponi. Det vil vere avgrensa mengder med overskotsmasse frå anlegget. Eventuell overskotsmasse vert lagra permanent i magasinet. Det vert etablert om lag 750 meter grøft for trekkerør til straum, fiber og vassmålar. Det er planlagt å gjere dette så skånsamt som mogeleg. Lekkasjemåling vert etablert om lag 100 meter nedstraums dammen.

Det er opplyst at magasinet må tappast under LRV i ei veke for å gjennomføre arbeidet og at det vert sendt eigen søknad til NVE om dette.

Arbeida er planlagt gjennomført i perioden juli - oktober 2023.

Detaljplanen er sendt på høyring 01.04.2023 til Aurland kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, og villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og



Raudafjell. Etter at detaljplanen vart sendt på høyring mottok NVE ein revisjon som er gjort tilgjengeleg for høyringspartane.

Fråsegner

Statsforvaltaren i Vestland ga fråsegn til planen i brev datert 26.01.2023. Han legg til grunn at nye naturinngrep vert avgrensa så langt som mogeleg og at området vert sett i stand etter moderne prinsipp. Det er opplyst at Reppvatnet ligg i eit viktig villreinområde. Dette er vurdert i planen, og det er lagt opp til dialog med villreininteressene om villrein kan bli påverka av anleggsarbeidet. Statsforvaltaren reknar ikkje med at tiltaket får nemneverdige konsekvensar for fisk/fiske. Han konstaterer og at viktige turstiar ikkje ser ut til å verte påverka av arbeidet. Statsforvaltaren minner om den generelle plikta i forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Vestland fylkeskommune ga fråsegn til planen i brev datert 02.02.2023. Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaka. Det er opplyst at i høgfjellet i Aurland kan det vere spor knytt til jakt og fangst i eldre tider og bruk av utmarksområde. Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområdet er likevel vurdert å vera lågt. Fylkeskommunen gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Fylkeskommunen opplyser at slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at det er sendt melding om mogelege funn.

Fylkeskommunen peikar på at under opparbeiding av feltet må det leggjast vekt på å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir. Ut over dette har ikkje fylkeskommunen avgjerande merknader i saka.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Reppvatnet som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har difor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Museet gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne under arbeid i vassområda. Dersom kulturminne på botnen av vassareal kan bli råka, må arbeidet under vatn straks stoppast. Arbeidet må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Fylkeskommunen har og vurdert tiltaket i høve til temaet friluftsliv. Reppvatnet ligg i eit større område kartlagt som viktig friluftsområde. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at rehabilitering av damanlegget vil påverke utøvinga av friluftsliv i området anna enn i anleggsperioden. Dei planlagde arbeida er oppgitt til å gå føre seg i perioden juli – oktober. Dette er sannsynlegvis den perioden det vil vere mest friluftaktivitet i området, og fylkeskommunen ber om at dette vert teke omsyn til når det gjeld sikkerheit, støy, mv.



Fylkeskommunen føreset at anleggsområda/ rigg og driftsområde vert tilbakeført til opphavelig tilstand i så stor grad som mogleg i ettertid av arbeidet, slik som skildra i punkt 3.1.2 og 3.1.3 i detaljplanen.

NVE har ikkje motteke fråsegn frå Aurland kommune og villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vurderingar av fråsegner

Friluftsliv

Både Statsforvaltaren og fylkeskommunen tek opp forholdet til friluftsliv i fråsegnene sine. Statsforvaltaren meiner arbeida ikkje ser ut til å påverke viktige turstiar i området.

Fylkeskommunen viser til at arbeid er planlagt gjennomført i den perioden det vil vere mest friluftaktivitet i området og ber soleis om at det vert teke omsyn til dette når det gjeld sikkerheit, støy, mv.

Omsynet til friluftsliv er omtalt i detaljplanen. Der er det opplyst at området er lite nytta til friluftsliv. Den merka turstien langs Stonndalen kryssar ikkje forbi anleggsområdet, og det er venta at anleggstrafikken vert svært avgrensa. Det er og opplyst at der ikkje er hytter i nærleiken av anleggsområdet, men at der ligg nokre stolar i Rausmedalen. Det er vurdert som lite sannsynleg at desse vert påverka av anleggsarbeida. Det er opplyst at entreprenøren er har ansvar for å skilte arbeida forskriftsmessig.

Etter NVE si vurdering er omsyn til utøving av friluftsliv teke tilstrekkeleg i vare gjennom dei tiltak som er skildra i detaljplanen. Vi vurderer difor temaet som avklart.

Villrein

Statsforvaltaren opplyser at Reppvatnet ligg i eit viktig villreinområde. Han viser til at dette er vurdert i planen, og at det er lagt opp til dialog med villreininteressene om villrein kan bli påverka av anleggsarbeidet.

I samband med utarbeiding av OLMP vart det utarbeidd eigen rapport om temaet. I detaljplanen for Reppvatn er det opplyst at HE har inngått ein samarbeidsavtale med NINA om merking av villrein som eit avbøtande tiltak. Anleggsområdet skal gjerast inn og det skal haldast utkikk etter villrein. Prosedyre for praktisk gjennomføring av dette er lagt ved detaljplanen. Der går det mellom anna fram at det skal vurderast å stogge anleggsarbeidet i dialog med fjellstyret dersom villrein vert observert. HE vurderer at villrein i lita grad vert påverka av arbeida fordi det vert gjennomført om sommaren/hausten.

Etter NVE si vurdering er omsynet til villrein teke godt i vare, og vi vurderer temaet som avklart.

Fisk

Der er ein bestand av ørret i Reppvatn og HE opplyser at det vert fiska lite i vatnet. Statsforvaltaren reknar ikkje med at tiltaket får nemneverdige konsekvensar for fisk/fiske. HE har vurdert dei miljømessige konsekvensane ved nedtapping av magasinet. Der er det konkludert med at ei kortvarig nedtapping på ei veke vil vere ei relativt lita tilleggsbelastning for fisk.

NVE stiller seg bak vurderinga frå Statsforvaltaren og HE og vurderer temaet som avklart.



Vurdering av flaum og skredfare

Flaum- og skredfare er vurdert i detaljplanen. HE har brukt NVE sine farekart og det er opplyst at der ikkje er registrert skredhendingar, eller aktsemdsområde for skred i eller i tilknytning til planområdet. Reppvatn og Reppa er registrert som aktsemdsområde for flaum. Sjølve damfoten og eit kort stykke av anleggsvegen rett nedstraums dammen er i ei sone som kan påverkast av flaum. Det er opplyst at arbeidet vil pågå i perioden frå juli til oktober. Det er planlagt å seinke magasinet og faren for flaumhendingar er vurdert til å vere svært liten. Dersom der er nødvendig vert arbeida stogga til vasstand og tilsig til Reppa har stabilisert seg.

NVE føreset at HE gjer nødvendige vurderingar og tiltak for å førebyggje og unngå skadar som følgje av flaum- og skredfare. Vi viser til krava i plan- og bygningslova §§ 29-5 og 29-7 om tekniske krav til produkt og byggverk og kapittel 7, Sikkerhet mot naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK 17). Det er utbyggjar sitt heile og fulle ansvar syte for at krava vert etterlevd.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar er basert på den informasjonen de har lagt fram i detaljplanen, fråsegner vi har motteke, og våre erfaringar. Vi har søkt i Naturbase og Artskart den 13.02.2023. Vi har tilstrekkeleg grunnlag til å vurdere tiltaket og verknadene det har på det biologiske mangfaldet. Kravet til kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

I influensområdet til dam Reppvatn er der ikkje registrert sårbare naturtypar. Reppvatn ligg i leveområdet for villrein. Avbøtande tiltak for å ta omsyn til villrein er skildra i detaljplanen. Sjå omtale ovafor. Tiltaket er ikkje i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4, eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Vi har og vurdert tiltaket sine verknader i samband med anna påverknad av naturtypar, artar og økosystem. Området har i langt tid vore nytta til kraftproduksjon og dette har medført nødvendig vedlikehald av anlegga. Areal som er planlagt tekne i bruk er i stor grad allereie opparbeidd. Samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er vurdert etter naturmangfaldlova § 10. Ho er ikkje så stor at ho blir avgjerande for vurderinga.

Det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om dei verknadene tiltaket kan ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kjem difor ikkje i bruk.

Etter krava i § 11 og § 12 skal tiltakshavar dekke kostnadene ved, og nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. De har opplyst kva tiltak som skal setjast i verk for å hindre og avgrense skadar på naturmangfaldet gjennom å utføre arbeida innanfor ein tidsavgrensa periode og i størst mogeleg grad nytte areal som allereie er opparbeidd. Kostnadene for dette vert dekte av Hafslund Eco Vannkraft AS.



Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om dampsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om dampsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida. Teknisk plan vart godkjend i NVE sitt vedtak datert 29.04.2020.

Privatrettslege forhold

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege forhold før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Aurland kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Aurland kommune slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:



HAFSLUND ECO VANNKRAFT AS

Kopimottakarliste:

AURLAND KOMMUNE

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

HAFSLUND ECO VANNKRAFT AS - Nils Thomas Valand